

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss		16/20

Saknr	Utval	Type	Dato
012/2016	Kommunestyret	PS	24.02.2016

Val av representat og vararepresentant til styret i Museum Vest

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Som styremedlem i styret for Museum Vest vert vald Birger Wergeland. Som varamedlem vert vald Sigmund Vikane. Valet gjeld for 4 år.

Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

Bakgrunn/Fakta

Bjørn West-museet gjekk inn i organisasjonen Museum Vest frå 01.01.2016. Masfjorden kommune har då rett til å sitja i styret til Museum Vest.

Kommunestyret valde i møtet 10. desember 2015 Birger Wergeland til å vera Masfjorden kommune sin representant i styret for Stiftinga Bjørn West-museet med Hildegunn Bjånes som vara. På styremøtet i Stiftinga Bjørn West-museet 16. februar vart Birger Wergeland vald til styreleiar i stiftinga, med Sigmund Vikane frå Modalen som nestleiar.

Saka om representasjon i styret i Museum Vest vart drøfta på same møtet. Følgjande vedtak vart gjort: «Styreleder velges til årepresentere Stiftelsen BWM i stiftelsen Museum Vest. Nestleder velges som vara. (...) Styret ber Masfjorden kommune la styreleder og vara i Stiftelsen være representant i Stiftelsen Museum Vest».

Vurdering

Det går ikkje fram av samarbeidsavtalen mellom Masfjorden kommune og Museum Vest om det er Stiftinga Bjørn West-museet eller Masfjorden kommune som skal vera representert i styret for Museum Vest. Kommunestyret har vald ein medlem til styret i Stiftinga Bjørn West-museet. Vedkomande er også vald til styreleiar i stiftinga. Rådmannen vurderer det slik at den valde representanten frå Masfjorden kommune til styret i Bjørn West-museet også bør vera styremedlem i Museum Vest.

Spørsmålet er om nestleiar i styret for Stiftinga Bjørn West-museet bør vera vararepresentant til styret for Museum Vest eller om det bør vera kommunen sin vararepresentant i styret for Stiftinga Bjørn

West- museet som skal ha denne rolla.

Konklusjon

Rådmannen støttar seg til vedtaket frå styret i Stiftinga Bjørn West-museet og går inn for atstyreleiar der, Birger Wergeland, vert vald som styremedlem i Museum Vest og at nestleiar i styret for Stiftinga Bjørn West-museet, Sigmund Vikane, vert vald til varamedlem.

Kommunestyret - 012/2016

KS - behandling:

Jon Hope (KrF) melde seg inhabil og forlot møtet. Hope vart samrøystes vedteke inhabil.

Ordførar Karstein Totland gjekk kort gjennom saka.

Oppvekstleiar Alf Strand orienterte om saka.

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke (16 røyster)

KS - vedtak:

Som styremedlem i styret for Museum Vest vert vald Birger Wergeland. Som varamedlem vert vald Sigmund Vikane. Valet gjeld for 4 år.